



OPPDAL BYGDEKVINNELAG

Årsmelding 2021



Årsmelding 2021 for Oppdal bygdekvinnelag

Styret dette året har vore leiar Randi Horvli, nestleiar Line Mjøen, sekretær Edel Thyve Fjellvang, kasserar Olava Hagen Bøe og styremedlem Anong Vognild. Vara Torill Fløistad Dørum og Hanna Vik.

Vi har hatt 7 styremøte sidan det nye styret vart valt, ulike stader som Oss tålstå, Peisestua på Lønset samfunnshus, OMM og heime hos fire av styremedlemmane. Vi har blant anna meldt tilbake til NBK om høring av årsmøtefrist at vi synest årsmøtet i lokallag kan haldast på nyåret i staden for før 1.november. Vi har også drøfta den høge medlemskontigenten og refundert kr 200 til kvart medlem i år. Det er gjeve tilbakemelding til NBK at halv medlemskontigent av kr 675 bør vera eit tilbod til alle under 50 år, ikkje 30 år som i dag. Det er i dag 21 medlem i laget.

Årsmøtet 2020 vart halde på Frivilligsentralen med covid-restriksjonar utan servering. Det vart søkt om kompensasjonsmidlar i samband med nedstenging på grunn av korona og dermed manglande inntekter frå Fjellmessa 2020. Vi fekk kr 18.000!

Styret fekk søknad frå BUA-stiftelsen som låner ut vintersportsutstyr gratis, og støtta dei med kr 2000. Oppdal bygdekvinnelag har som åra før sørga for blomsterhelsing til jul på institusjonane og for 2020 vart det gjeve julehelsing til Sanatell-tunet; Furkunt-kokeboka.

Sidan det har vore restriksjonar på å samlast inne dette året også, har laget arrangert turar i skog og mark frå november til juni, i alt 4 turar. Til gapahuken ved Vindøla, Skarsemsgapahuken, Åmotsdalsvegen og til Driva ved Aalbu. Varierende ver og oppmøte, men sosialt og utprøving av pannekake og urtesuppe på stormkjøkken, absolutt noko som freistar til gjentak.

Styret har gjennomført eitt tema i år: Komposteringskurs der vi ga tilbod om å følgje det digitale kurset frå Remidt i Horvli. Utpå vårparten fekk interesserte gjeste Horvlihaugen igjen for å få praktisk innføring i kompostering.

Leiar representerte Oppdal bygdekvinnelag på digitalt årsmøte for fylket heimafrå i Horvli. Leiar fekk telefon frå leiar i Rennebu om å bli med på eit lesarinnlegg som markerte den internasjonale dagen mot vald mot kvinner 25.november i fjor. Dette gjorde vi på ein positiv måte ved å halde fram kaffe frå Guatemala der kvinner får støtte frå NBK. Kaffen kunne da kjøpast på Bunnpris. Vi samarbeidde også i val-året med Rennebu om eit lesarinnlegg for jordvern. Dette innlegget kom berre i nettavisa dessverre.

Styret valte å invitere til kurs med JURK, juridisk rådgivning for kvinner, i september i år, men måtte avlyse dette sidan jus-personellet melde avbod for sjukdom. Kurset handla om

vald mot kvinner og hadde tittel «Vold i nære relasjoner». Tilbod om omsetting til thai fulgte også med. Ingen meldte seg på kurset, men i følge avisa OPP hadde oppslaget på nettet eit par tusen interesserte.

Oppdal bygdekvinnelag har hatt to spørsmål om å stille på dugnad i år. Den eine var i sansehagen ved Oppdal helsesenter (tlf frå Hanne Løvrød Granheim) for hagelaget som var der for å stelle med hagen. Vi leverte rabarbra, og rabarbrasuppa vart koka på OHS, og vi henta kaffe ved kantina til heimebaka kake. Den andre dugnaden var i Hoksengstuggu på museet (tlf frå Anne Rolvsjord) der bygdekvinner demonstrerte produksjon av skrivabrød og ga smakebitar på det. Det var steikt oinnbakst på førehand av fleire, også ikkje-medlem.

Det årlege treffet på Rauøra for medlem og andre vart på grunn av regnveret i år flytta inn på hytta til leiar i Skaret. Vi hadde kosta på oss grillspyd frå Bortistu, meir enn nok mat også denne gongen.

Utover hausten la covid 19 ein dempar på aktivitet slik at Fjellmessa vart avlyst også dette året.